



# Vest-Telemark Motorhistoriske Klubb

Postboks 106 – 3840 Seljord – Bankgiro 2711.07.14802

Organisasjonsnummer: 914238870 [www.vtmk.no](http://www.vtmk.no) -- [post@vtmk.no](mailto:post@vtmk.no)

## Referat frå årsmøte 2017

Årsmøtet vart halde på Seljord Hotell laurdag 28, januar 2017 og tok til kl 17.00.

- Møtet vart leia av styreformannen, Stein Larsen
- Åsmund Bringsås blei valt som referent.
- 15 medlemmer med stemmerett var tilstades under handsaming av følgjande saker:

### Sak 1 Konstituering

**Vedtak:** Ingen merknader til innkallinga eller dei utsendte møtedokument.

### Sak 2 Årsmelding

Formannen leste opp og kommentera dei einskilde punkta i meldinga.

**Vedtak:** Årsmeldinga vart samrøystes vedteke.

### Sak 3 Rekneskap og revisjonsmelding

Rekneskapen vart framlagt og gjennomgått punkt for punkt av kasseraren, Bjørn Arild Hagen. Han leste og opp revisjonsmeldinga ettersom Reidar Skogheim ikkje var tilstades på møtet.

**Vedtak:** Rekneskapen vart samrøystes vedteke utan merknadar.

### Sak 4 Driftsbudsjett for 2017 med fastsetting av medlemskontingent

Åsmund Bringsås refererte styret sitt framlegg til budsjett for 2017 og framlegg til medlemskontingent for 2018 med kr 200,-.

Under handsaminga vart det stilt nokre spørsmål om m.a. behovet for budsjett ettersom dette ikkje har vorte framlagt saman med rekneskapen. Det vart også diskutera ein del framlegg om betring av klubben sin driftsøkonomi som p.t. er svært avhengig av inntektene frå det årlege brukt- og delemarkedet. For å auke inntektene vart det framsett forslag om å auke medlemskontingenten med kr 100,- til kr 300,- frå og med 2018.

**Vedtak:** Driftsbudsjettet vart samrøystes vedteke med auke i medlemskontingenten gjeldande frå og med 2018 med kr 300,- pr medlem/år.

I tillegg er det ynskjeleg at det årlege driftsbudsjettet følgjer med rekneskapen for driftsåret. Dette vi gjera det lettare å samanlikne rekneskapstala med budsjettala for dei einskilde driftsåra frametter.

### Terminliste/aktivitetsplan 2017

Formann, Stein Larsen, refererte og gjekk gjennom styret sitt framlegg til aktivitetsplan med terminliste for 2017. Denne planen ligg også i stor grad som grunnlag for klubben sitt driftsbudsjett.

Terminlista/aktivitetsplanen blei samrøystes teke til etterretning.

**Sak 5 - 12:****Val av medlemmer til styre, komitear og utval:**

	<b>Val 2016</b>	<b>Valperiode (år)</b>	<b>Valt blei:</b>
<b><u>Styret</u></b>			
Formann	Stein Larsen	1	Stein Larsen
Sekretær	(vakant)	2 (odde årstall)	
Nestformann	Åsmund Bringsås	2 (like årstall)	(Ikkje på val)
Kasserer	Bjørn Arild Hagen	2 (like årstall)	(Ikkje på val)
Styremedlem	Paul Tore Tengren	2 (odde årstall)	Paul Tore Tengren
1. varamann	Ruben Breiland	1	Ruben Breiland
2. varamann	(vakant)	1	Olav Gundersen
<b><u>Revisor</u></b>			
	Reidar Skogheim	1	Reidar Skogheim
<b><u>Løpskomité</u></b>			
	Stein Larsen	1	Stein Larsen
	Paul Tore Tengren	1	Paul Tore Tengren
	Inge Tveitan	1	Inge Tveitan
	Tor Djupedal	1	Halvor Vefall
<b><u>Sekretariat for løpskomitéen</u></b>			
	Bjørn Arild Hagen	1	Bjørn Arild Hagen
	Eivind Torsdalen	1	Eivind Torsdalen
<b><u>Brukt- og delemarknad komité</u></b>			
	Aage Moen	1	Aage Moen
	Paul Tore Tengren	1	Paul Tore Tengren
	Åsmund Bringsås	1	Åsmund Bringsås
	Stein Larsen	1	Stein Larsen
	(vakant)	1	
<b><u>Forsikringskomité</u></b>			
	Tor Djupedal	1	Tor Djupedal
	Reidar Skogheim	1	Reidar Skogheim
<b><u>Verkstad og klubbhus komité</u></b>			
	Arve Grinaker	1	Arve Grinaker
	Eivind Torsdalen	1	Eivind Torsdalen
	Jack Hagen	1	Arne Bjørn Øygarden
<b><u>Bussansvarlig</u></b>			
	Arne Bjørn Øygarden	1	Arne Bjørn Øygarden
	Arve Grinaker	1	Arve Grinaker
	Olav Gundersen	1	Olav Gundersen
<b><u>Valkomité</u></b>			
	Ruben Breiland	2 (like årstall)	(Ikkje på val)
	Olav Gundersen	2 (odde årstall)	Olav Gundersen
	Arve Grinaker	2 (odde årstall)	Arve Grinaker

Alle val var samrøystes med akklamasjon og i samsvar med valkomiteen si innstilling.

### **Sak 13 Drøfte strategi og målsetting for dei neste åra**

Under handsaminga av dette punktet vart det teke opp ein del spørsmål som er knytt til klubben sin økonomi og gjennomføringa av dei årlege sjøormløpa. Sjøormløpet gjev lite dekningsbidrag til klubbøkonomien. Nokre meinte at ein kan redusere kostnadane til premier m.m. og sjå på andre kostnadsparende tiltak. Det blei også stilt spørsmål om det er aktuelt å på nytt innleie samarbeid med Morgedal Hotell dersom dette kjem i ordinær drift att. Det vart også framsett forslag om å auke startkontingenten til kr 500,- pr deltakar for å betre økonomien.

Det vart ikkje gjort noko vedtak i denne saka, men synspunkta blir overført til løpskomiteen for vidare vurdering.

Etter møtet, som vart avslutta kl 19.00, ynskte formannen velkomen til ei hyggestund med god mat og noko attåt i hotellet sin matsal i 1.etg.

Seljord, 30. januar 2017

---

Åsmund Bringsås  
Referent